

Namn på skulen:

Tal elevar skuleåret 2016/17:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

| | |
|---------|------|
| 2015/16 | 78,5 |
| 2016/17 | 85,6 |

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

| | | Prosentdel stryk | Prosentdel IV |
|---------------------|---------|------------------|---------------|
| Termin 1 | 2015/16 | 5,69 | 4,27 |
| | 2016/17 | 1,50 | 1,89 |
| Termin 2/standpunkt | 2015/16 | 4,74 | 6,16 |
| | 2016/17 | 1,11 | 1,37 |
| Eksamen | 2015/16 | 9,59 | |
| | 2016/17 | 6,56 | |

1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17

| | |
|--|----------------------|
| Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1 | 9 (6 elevar) |
| Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt | 17 (4 elevar) |
| <i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværsgrænse gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</i> | |
| <i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</i> | |

1.4 Gjennomsnittleg fråvær

| | | |
|---------|-------|-------|
| 2015/16 | timar | 13,31 |
| | dagar | 6,59 |
| 2016/17 | timar | 8,50 |
| | dagar | 5,05 |

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrotsdato frå 1/10

| | |
|---------|-----|
| 2015/16 | 0 |
| 2016/17 | 1,8 |

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»

Kor mange elevar er registrerte med avbrotskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og frávær i fag og utdanningsprogram?

Skulen meiner at me har gode res når det gjelder fullført og bestått. Me har hatt fokus på å redusere IV og meiner at me har fått positiv utvikling. Fráværet er også redusert. Fráværegrensa er ein del av forklaringa på dette.

Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Me har samarbeid med ungdomskulane i området på m.a. klasseleiing og vurdering. Tett samarbeid mellom vår rådgjevar og rådgjevar på ungdomskulane og omfattande hospitering for elevar i 10-klasse.

I tillegg har me tett oppfølging av vg1-elevane både med kartlegging av fagleg status og interesser/tankar for vidare utdanning. Kontaktlærarane har også prosesser for å skape trygghet og trivsel i klasser ved skulestart. Fusa vgs er også med i «Drømmeskolen» som er eit positivt bidrag i arbeidet. Omfattande program for skulestart og fram til høstferie med systematisk arbeid for elevane.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Me prøver å fanga dei opp på eit tidlegare tidspunkt for å forebygge at nokon sluttar. Registrer frávær og følgjer opp dei med høgt frávær ved start. I ressursteamet drøfter me elevar som me vurderer står i fare for å slutte. Det er eit lavt tal elevar som fell frå, så det er vanskeleg å generalisere årsakene. Psykiske utfordringar og «vonde opplevingar» frå tidlegare er ofte ei årsak.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Me vil halda fram med å ha sterkt fokus både på skulestart, følgje opp enkeltelevar og vera i tett kontakt med kontaktlærarane. Systematiske prosesser for å sikre inkludering og trygghet i klassen.

2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

2.1 Utviklingstiltak – Klasseleing - Informasjon til foreldre/foreldresamarbeid

Kva var målet med tiltaket?

Målet var å få eit tettare og systematisk samarbeid med foreldra med fokus på læring.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Startsamtale med vg1-elevane før skulestart, foreldre møter i termin1, og foreldresamtalar etter at termin 1 er avslutta.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Ynskjer å få til eit tettare samarbeid med foreldra og nytta det potensialet som me meiner ligg i elev-foreldre-skule samarbeidet.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Aktivitetane var lagt inn på årsplanen. Samtalane var sett opp med oppmøtetid for kvar elev/foreldre. Førebuing i klasselærarmøter.

2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har følgd opp med å organisere og sett av tid til både førebuing og gjennomføring. Det har og vore lagt inn forslag til agenda for møta.

2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Det er positiv erfaring, og vil verta følgd opp vidare.

2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Me meiner at me har nådd dei forventningane me hadde til tiltaket, og at det har hatt ein positiv effekt på opplæringa dette året.

2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Organiseringa har fungert greitt, og gjeve oss erfaring som kan føre til forbetringar. Både førebuing og gjennomføring tar tid, og det er derfor viktig å setja av tilstrekkeleg tid.

2.2 Utviklingstiltak – Klasseleiing – Klaselæraramøter

Kva var målet med tiltaket?

Samordna/samstemt klasseleiing for klasselærarane.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Organisere tid for å gjennomføre 4 runder med klasselærarmøter i løpet av året.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Behov for å samkøyre klasseleiing mellom lærarane, samordne aktiviteter og vurderingssituasjonar slik at elevane opplever lik handtering, vurdering og unngå unødige arbeidstoppar.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Sett av tid på årsplanen. Forslag til felles mal for møteagenda

2.2.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Setja det på årsplanen og følgd opp at det vert organisert og gjennomført.

Fast post på fellesmøter med lærarar og miljøfagarbeidarar.

2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Auka fokus på problemstillinga. Styrka koordinering av arbeidstoppar/vurderingssituasjonar

2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Tiltaket må halda fram. Auka fokus gjev ein positiv utvikling, men framleis rom for betring

2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Mange faglærarar har mange klassar, og dermed tar gjennomføring av klasselærarmøta mykje tid.

2.3 Utviklingstiltak – Psykisk helse – tett oppfølging av fråvær

Kva var målet med tiltaket?

Redusere fråvær og fråfall

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Fokus på fråvær og oppfølging av dei som er bort meir enn 1 dag utan at skulen har fått melding.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Ynskje å redusere fråvær og halda fråfallet på eit lavt nivå.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Kontaktlærer følgjer systematisk med på skolearena og tar kontakt med dei aktuelle elevane. Tett dialog med rådgjevar og elevinspektør. Møter i ressursteamet i dei tilfella det er behov for breiare oppfølging

2.3.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?**2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?**

Ser redusert fråvær, og tettare oppfølging frå kontaktlærer.

2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Me meiner at me har klart å fanga opp dei tilfella som har vore dette skuleåret. Nokre har hatt ein positiv reduksjon i fråværet sitt. Andre har personlege utfordringar som treng lengre tid å bearbeida.

2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Gjennomgang av statistikk og tilstandsrapport tidleg i skuleåret.
Personalsamling i februar, 2 dagar, for å leggja grunnlaget for ny utviklingsplan.
Oppretta ei plangruppa der tillitsvalgte, 2 repr for faglærarane og leiargruppa ved skulen er med. Gruppa skal m.a. arbeide med utviklingsplanen.

3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Sjå pkt 3.1

3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Gjennomgang av statistikk i fellesmøter og faggrupper.
Personalsamling i februar med fokus på styringsdokument og andre overordna dokument.
Plangruppe med brei samansetjing.

3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Drøfter utviklingsplan og tilstandsrapport i elevrådet

3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Det er ei utfordring å få til ei reel og god elevmedverknad i planarbeidet.
Elles er mange av tiltaka som kjem fram i prosessar ei vidarefrøing av eksisterande tiltak/aktivitetar. Det er viktig, men ei utfordring å sjå på det som del av utviklingsplanen. Me er ikkje tilstrekkeleg konkrete i målformuleringa.

3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.

Styringsdokumentet gjev store rom for skulen. Positivt at det vert lagt så stor vekt på bruk av statistikk som grunnlag for tiltak

4 Ope felt - valfritt

Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.

